



Bjarte Askeland
Øvre Kråkenes 79
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4074 - 15/37438

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
14.12.2015

Løyve til å dele frå eksisterande festetomt - Gbnr213/28 Nedre Eikanger.

Eigedom: Gnr.213 bnr.28 Nedre Eikanger
Adresse for eigned.: Nedre Eikanger 80, 5913 Eikangervåg.
Type tiltak: Frådeling av eksisterande festetomt
Heimelshavar: Erik Hageseter
Søker: Bjarte Askeland

Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele frå ein festetomt på 2,3da. Det gjeld festenr.2 av gbnr213/28. På tomta står ein heilårsbustad og i tillegg nokre mindre anneks.

Plansituasjon/dispensasjonar:

For området gjeld kommuneplanen sin arealdel, og arealet er sett av til bustadføremål. Søknaden omtalar at parsellen skal nyttast til bustadføremål. Administrasjonen vurderer at å gjere festetomta om til sjølveigande tomt, ikkje er i strid med arealføremålet og at dispensasjon ikkje er naudsynt.

Nabovarsling:

Naboane har fått varsel, og har ikkje hatt noko å merke.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Det står alt hus på den eksisterande festetomta. Eigedommen har veg, vassforsyning og avløp og det vert inga endring i desse tilhøva av at festetomta vert gjort om til sjølvstendig brukseining.

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde i denne saka.



VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele gbnr.213/28/2 frå gbnr.213/28, slik det er søkt om i søknad motteke i kommunen 04.12.2015. Tomta skal nyttast i samsvar med gjeldande arealplan, slik som i dag.

Grunngjeving for vedtaket:

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.

Det gjeld frådelling av eksisterande festetomt der det alt står ein bustad. Det er veg, vatten og avløp på staden. Deling fører ikkje til fysiske endringar på staden, men brukaren av festegrunnen vert heretter eigar av tomta.

Søknaden om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyve til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Delinga er i samsvar med etablert og godkjend bruk.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med eksisterande grenser for festetomt kr.3400,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erik Hagesæter

Nedre Eikanger 19 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:
Bjarte Askeland

Øvre Kråkenes 79 5152

BØNES